

UTTALELSE

Elektroarbeidernes Fagforening, Hordaland, Sogn og Fjordane.
Vedtatt på årsmøte 12. mars 2010

KONTRAKTSTILDELINGAR PÅ NORSK KONTINENTALSOKKEL

I den seinare tid har me sett at viktige industri og offshore-kontraktar som Goliat og Ekofisk boligplattform har vorte tildelt til utanlandske aktørar.

Når slike avgjerder vert tekne utan omsyn til langsiktige verknader korkje for prosjektet, eller for kapasitetsutviklinga i norsk leverandørindustri er dette det same som å spara seg til fant. Dei store forskjellane i pris i tilboda reiser spørsmål om me på ny ser eit eksempel på skjult statlig støtte i slike konkurransar. Dette gjer det aktuellt å sjå nærare på reglane for anbudsinnhenting ved slike prosjekt. Også oljeselskapa som kjøparar må ha eit ansvar for å unngå ein internasjonal subsidiekonkurranse, ei utvikling som på sikt vil gjera alle til taparar.

I ei tid der norsk industri slit med å holde hovudet over vatnet og har problem med å sysselsetja arbeidstakarane i bransjen må styresmaktene ta nødvendige grep som kan vera med å sikra framtidige inntekter til staten og sikra framtidig eksistens og kompetanse i industrien.

Styresmaktene kan med bakgrunn i lover og rammeverk for petroleumsaktiviteten gje sterke føringar ved tildeling av kontraktar til sokkelen. Men dette verktøyet har styresmaktene ikkje nytta.

Petroleumslova seier mellom anna:

"Petroleumsressursene skal forvaltes i et langsiktig perspektiv slik at de kommer hele det norske samfunn til gode. Herunder skal ressursforvaltningen gi landet inntekter og bidra til å sikre velferd, sysselsetting og et bedre miljø og å styrke norsk næringsliv og industriell utvikling samtidig som det tas nødvendige hensyn til distriktpolitiske interesser og annen virksomhet."

Me krev at:

- Norske bedrifter må få ta større del av verdiskapinga på norsk sokkel
- norsk verftsindustri og leverandørindustri må gis en fordel i leveranser til oljeindustrien
- kompetanse på norsk oljeindustri må utvikles i norske bedrifter
- Utenlandske aktører utestenges dersom dei driv med ulovlege subsidier